



Voss herad

Heradsstyret 3.april 2025

Agenda for HST 3.04.25

Tid	Kva	Ansvarleg
09.00 - 09.10	Møtet vert sett	Ordførar
09.10 – 10.15	Innleiing, overordna økonomiske analysar og KOSTRAtal	Rådmann og stabssjef strategi og styring
10.15 – 10.30	Pause	
10.30 – 12.00	Vest politidistrikt	Konstituert politimeister Ane Kvaal Politistasjonssjef Håvard Skattum
12.00 - 12.30	Lunsj	
12.30 – 13.30	Analysar og info frå tenester som har jobba med omstilling • Sosialtenester • Omsorgstenestene • Individuell tilpassa undervisning i skule • Barnevern	Kommunalsjef helse og omsorg og oppvekst m.fl.
13.30 – 13.45	Pause	
13.45-14.25	Vidare arbeid med Voss iPluss2027 • Tidsplan • Mandat og innsparingsmål • Kommunikasjon	Stabssjef strategi og styring
14.25 – 14.30	Oppsummering/konklusjon	Ordførar/rådmann
14.30-15.00	Sakshandsaming	


"Korleis e det no eigentleg?"

- 50-60 kommunar kan havne på Robek i 2025 (KLP Banken/Kommunal rapport)
- KS, webinar om kommuneøkonomi 2.4.25, nasjonal trend:
 - Fleire eldre med samansette pleiebehov
 - Fleire ressurskrevjande yngre brukarar
 - Auka utgifter sosialhjelp
 - Vanskeleg å rekruttere, auka kostnadar overtid, vikarbruk/tenester
 - Auka trong for tilrettelegging i barnehage og skule
 - Press i barnevernstenesta
 - 4% høgare prisvekst frå 2020-2023 enn kompensert (utgjør 36 mill. kr for Voss)
- Me er ikkje fattige – ingen synes synd på oss – me kan enno unngå ROBEK!

Kommuneøkonomi, Noreg

KS rekneskapsundersøking 2024

- 6 av 10 kommunar gjeikk med underskot
- Netto driftsresultat for kommunane er anslått til minus 0,4 % av driftsinntektene
 - I 2023 var dette talet positivt, på 1,0 %
- Forverra kommuneøkonomi
 - Høgt kostnadsnivå, gjeld, høgt rentenivå, økt etterspørsel etter kommunale tenester, meir detaljert regelverk




Kva gjer me for å kome i balanse?

- Finansråd 12-13.3.25
- Leiarmøte/orientering (fysisk og teams) fredag 21.3.25
- Adm styringsgruppe Voss iPluss2027 inkl. tillitsvalde, måndag 24.03.24
- Resultatoppfølgingsamtalar med alle stabsleiarane/kommunalsjefane + arbeid i einingane
- Heilheitleg tilnærming
 - Tiltak på kort sikt – med langsiktig retning
 - Om lag 2,5% reduksjon – i tråd med bestilling frå finansråd
 - Omstillingsavtale til FPL 15.5.25 (orientering) + reetablert omstillingsutval
 - Framlegg til redusert aktivitet til FPL 15.5.25

"Meiningsmåling" i Finansrådet syner dette:

Kva meiner du må prioriterast neste åra?



Låg prioritet

Veldig høg prioritet

Konsekvensar ved tomt disposisjonsfond:


- Eksempel om me ikkje gjer naudsynte justeringar:
 - Prognose 40 mill. kr i meirforbruk i 2025, dette gjev "tomt" disp. fond 1. kvartal 2026.
 - Resultat 25. mill. kr. i udekka underskot i 2026? ($40 - 15 = 25$) etter "tomt" disposisjonsfond
 - Krav frå statsforvaltar om balanse i 2027: Krav til "kutt" 25 mill kr + 40 mill for å komme i 0 i 2027 (valår)
- Eigedomsskatt som naudløysing:
 - +1 promille = 20 mill. i mogleg ekstra inntekt i 2026 og ytterlegare 14 mill. i 2027 (dvs. maks 4 promille)
 - Bør avklarast i møte mai 2025 om me skal planlegga for eigedomsskatt

Tiltak som kan presenterast i FPL og heradsstyret

- Helse og omsorg (anslag +/- 25-30 mill i 2025) – redusera tenestetilbod, halda langtidsplassar ledig, redusert omfang sosial stønad
- Oppvekst - avvikla barnehagar + endra tenestetilbod (anslag +/- 5 mill. verknad i 2025)
- Tekniske tenester (+/- 6 mill i 2025) - privatisering av kommunale vegar + reduserte tenester/brøyting
- Kultur og fritid (+/- 1 mill i 2025)
- Administrasjon (+/- 2 mill 2025)

Ja – det kjem til å smerta! (NB 2,5 %) - store forskjellar i oppleving

Kommunen sine roller og oppdrag






Rekneskap drift 2024, Voss herad


- Voss herad har fått eit vesentleg dårlegare driftsresultat enn venta
- Dårligare resultat → bruk av disposisjonsfond
→ redusert handlingsrom for framtida
- Nokre hovudgrunnar
 - Skattesvikt landet → mindre inntektsutjamning
 - Rekrutteringsvanskar → innleige og overtid
 - Unge med store hjelpebehov

-1,4 %, 2,6 % og 46,5 %

Utvikling netto driftsresultat (mill.kr)



Disposisjonsfond ved slutten av året (mill.kr)



Innspel frå finansråd

Korleis sikra at me unngår ROBEK?

Omstille tenestenivået til den faktiske ressurstilgangen me har.

10

Popular

Avhende eigedomar me ikkje skal nytta innan neste 3 år.

9

Våge å ta nødvendige grep på struktur og teknologi

9

Vi må budsjettere realistisk, slik at vi får kontroll og samtidig skape naudsynt kriseforståing. Vi må ta ned farten / kutte for å unngå ROBEK. Innovasjon må løyse langsiktig utfordringar.

6

Vedtak formannskap 13.03.25

1. Når det gjeld budsjettet for 2025 og økonomien på kort sikt ynskjer Formannskapet at:


- At ein får ei sak der ein får presentert grep som raskt kan realisere innsparingar.
- Tiltak og endringar som i utgangspunktet var tenkt som ein del av Voss i pluss 2027, men som kan realisere innsparingar på kort sikt, vert forsert.
- At det vert presentert eit analysegrunnlag for dei teenestoområda der meirforbruket er størst og der Voss herad skil seg mest frå landssnittet.

2. Formannskapet ynskjer at rådmannen legg til grunn fylgjande prinsipp for vidare arbeid med økonomiplan 2026-2029:

- Nivå på måltal skal vera i samsvar med Økonomireglement for Voss herad. I 2025 kan nivået vera lågare.
- Disposisjonsfondet må aukast dei komande åra.
- Alle tenestoområde må kartlegga og innarbeida omstillingstiltak som reduserer utgifter.
- Ein skal gjera ei kritisk gjennomgang av investeringsplanen. Som eit utgangspunkt skal berre investeringar som er vurdert som høgst naudsynte og tidskritiske og investeringar som kan gje innsparing av driftskostnadar fordi dei kan bidra til meir effektiv drift, prioriterast i investeringsplanen. Prosjekt som har eksterne midlar skal prioriterast.
- Auke i betalingssatsar og eigedomsskatt er av grepa ein kan vurdere som ledd i å betre den økonomiske stoda.
- Reduksjon av tilsette ved naturleg avgang er eit av grepa ein kan vurdere.

3. Formannskapet ber om ei sak der ein aukar innsparingsmålet for Voss i pluss 2027 i tråd med den endra økonomiske stoda i Voss herad.

Plan for dei 4 neste åra? Utfordringar og moglegheiter



2 mrd i driftsbudsjett



Ca 52 mill i disposisjonsfond




1 265 årsverk



60 % av utgifter er til løn

vedteke årsbudsjett og økonomiplan 2025-2028



Grafikk og nøkkeltal

1 942 881



Totalt driftsbudsjett

0,9 %



Driftsresultat i prosent av driftsbudsjett

16 635



Antall innbyggjare

128 217



Disposisjonsfond

Utvid for meir grafikk og nøkkeltal

Sentrale kapittel



Bygd for framtida →



Demokratisk arena


Samfunns-utvikling

Tenesteyting

Utøvande mynde

Arbeidsgjevar

Utvikling folketall 0-5 år, 6-16 år og 67 år + i kommunen per 1.1 (2024 = 0, SSB MMMM-alternativ TBU metode / kommunens egen fremskriving)



- Ganske stabilt barnetal
- 80-90 åringar
 - 250 fleire om 5 år
 - 500 fleire i 2040
- 90 + vil blir vesentleg fleire frå 2035
- Fleire eldre enn yrkesaktive litt før 2040

Hovudutfordringar økonomi



Vekst i
tenester



Manglar folk



Prisvekst



Nye behov i
framtida

Brakar meir enn me har av ressursar

- Tilpassa tenester til born
- Få med store hjelpebehov
- Barnevern
- Sosiale tenester
- Endra rettar og normer


- Sjukepleiarar, legar, helsefag – innleige og overtid
- Lærarar og barnehagelærarar
- Fråværsutgifter

- Renteutgifter
- Dyrare kjøp av varer og tenester


- Demografikost
 - Fleire eldre
 - Auke i tal unge med store hjelpebehov

Ressursbruk


Kommunens beregnede utgiftsbehov sammenlignet med landsgjennomsnittet (=1). Kommunen blir kompensert/trukket for dette i rammetilskuddet.



Kommunens ressursbruksindikator (ressursbruk dividert på utgiftsbehov) per tjeneste. Landsgjennomsnitt = 1.




Ressursbruk, samanlikna med landet




Status kommuneøkonomi, Voss herad

Rekneskap pr tenesteområde over år



Vert politiske vedtekne rammer følgt?

Budsjettavvik pr tenestemråde over år



- Rett budsjett?
- Rettar vs løyving frå heradsstyret
- Individuelle behov vs allmenne tenester
- Samfunnsutvikling vs historisk tenestenivå

Tenesteområda, avvik frå budsjett

- Grunnskule:
 - Lønsutgifter
 - Skulelokale
 - Skyss
- Omsorg:
 - For mykje budsjettert i refusjon for ressurskrevjande tenester
 - Kjøp av tenester frå private, til avlasting og eksterne plasseringar
 - Innleige
- Barnehage
 - Tilskot til private
 - Fråværs-handtering
- Barne- og familietenestene
 - Kjøp av eksterne barnevernstenester

	Rev. budsjett 2024		Rekneskap 2024		Avvik i kr
Administrasjon og leing		94 230 181		98 547 045	- 4 316 864
Plan, næring og forvalting		33 984 136		31 230 003	2 754 133
Samferdsel		32 160 055		35 878 430	- 3 718 375
Eigedom og bustad		35 951 893		25 633 633	10 318 260
Brann og ulukkesvern		15 585 979		16 408 611	- 822 632
Vatn, avlaup og renovasjon	-	14 958 000	-	19 899 627	4 941 627
Politisk styring		8 151 066		8 664 681	- 513 615
Finansielle postar/økonomi	-	108 885 553	-	111 232 655	2 347 102
Grunnskule		311 713 479		330 946 126	- 19 232 647
Barnehage		178 408 809		188 028 462	- 9 619 653
Barne- og familietenestene		94 945 160		102 646 829	- 7 701 669
Helse		68 289 214		68 864 686	- 575 472
Omsorg		455 034 918		493 847 021	- 38 812 103
Sosialtenester		85 297 540		80 003 522	5 294 018
Kultur og fritid (inkl.kyrkja)		58 210 912		58 225 689	- 14 777
Sum løyvingar drift, netto		1 348 119 789		1 407 792 455	- 59 672 666

Kjøp av varer og tenester

- Store meirforbruk på kjøp av varer og tenester, vel 80 mill.kr meir enn budsjett i 2024


- Grunnar

- Vekst tenester
 - Rekrutteringsvanskar – 18,6 mill.kr i innleige
 - Prisvekst
 - Klimatilpassing

- Kva vil vedvara? Kva kan me påverka?

- Forbruk etter februar 2025 er 9 mill.kr lågare enn februar 2024


Meirforbruk i høve budsjett, kjøp av varer og tenester 2024 (mill.kr)




Konsekvensar av å mangla folk

- Mindreforbruk løn
- Meir refusjon sjukeløn
- Vakante stillingar
- Bemanningsnormer – kvalitet?
 - 1 av 3 barnehagar oppfylte ikkje bemanningsnorma i 2024

Utgifter til innleige og overtid (mill.kr)




Innleigeutgifter Voss herad (mill.kr)



Barnevern

- Vekst i netto driftsutgifter per barn fram til 2022, men noko nedgang frå 2022 til 2023
- Budsjettaavvik i 2024 totalt sett i barnevern på omtrent negative 7 mill. kr
 - Omtrent 5 mill. av avviket gjeld tiltaksutgifter
- Rekneskapen har auka med omtrent 6 mill. kr frå 2023 til 2024
- Utgifter til løn ligg stabilt dei siste åra




Grunnskule

- Utgifter til grunnskule per innbyggjar i grunnskulealder har vore stabil dei siste åra
- Ligg over samanlikningsgruppa (kostragruppe 7)

Netto driftsutgifter til grunnskule (202), per innbyggjer 6-15 år (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).


**) Graf er justert med utgiftsbehov



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	131 696	136 100	135 783	136 679
Kinn	135 443	129 560	135 960	141 224
Stord	120 254	119 450	126 196	127 662
Aurskog-Høland (2020-2023)	108 998	103 751	108 427	
Kostragruppe 07	115 811	114 503	120 448	118 309


Grunnskule

- Tal elevar pr skule i Voss herad er låg i forhold til andre kommuner
- Talet har auka dei siste åra



Grunnskule


- Ein del av budsjettavviket på grunnskule er knytt til spesialundervisning, og ekstra bemanning grunna elever med større behov
- Avviket i 2024 på skule til løn var negativt, på omtrent 19 mill. kr – dette er omtrent 6 % av totale lønskostnader på området



Barnehage

- Aukande utgifter
- Bemanningsnorm, born med behov til tilpassing, auka tilskot til private og fråværsutgifter

Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B)




	2021	2022	2023	2024
Voss herad	10 127	10 179	11 208	11 641
Kinn	9 743	9 883	11 074	10 913
Stord	9 967	10 001	10 781	11 035
Aurskog-Høland (2020-2023)	8 252	8 822	10 104	
Kostragruppe 07	9 458	9 732	10 770	11 069

Sosialtenester

- I 2023 nytta Voss herad meir utgifter pr mottakar på økonomisk sosialhjelp enn tidlegare år. Reduksjon for 2024.
- Sum per mottar var ca 80 000 kr i 2024, mot 69 500 kr i Kostragr 7

Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	73 832	74 457	100 287	80 053
Kinn	44 672	55 564	70 161	67 252
Stord	40 604	42 272	50 070	49 471
Aurskog-Høland (2020-2023)	53 998	59 253	57 811	
Kostragruppe 07	54 297	59 917	62 579	69 540


Sosialtenester

Gje. stønadslengden for tilfeller med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)



	2021	2022	2023	2024
Voss herad		6,9	8,3	8,0
Kinn		4,5	4,2	4,9
Stord		4,4	4,4	4,5
Aurskog-Høland (2020-2023)		5,3	5,2	
Kostragruppe 07		5,4	5,6	6,4

Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B)



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	3,6 %	4,6 %	4,8 %	5,1 %
Kinn	2,7 %	3,3 %	3,6 %	4,3 %
Stord	2,3 %	2,5 %	3,0 %	3,2 %
Aurskog-Høland (2020-2023)	3,3 %	3,9 %	4,6 %	
Kostragruppe 07	3,3 %	3,9 %	4,5 %	4,9 %


Omsorg

Årsmelding - Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent) ?

▼ Inkluder graf i dokumentet

☐
☐
☐
☐
☐
☐
☐

Historisk
Kommune
Flere ind.
Landet
Fylket
Kostragrp
Inntekt
Storby




	2021	2022	2023	2024
Voss herad	29,7 %	29,8 %	25,5 %	23,9 %
Kinn	35,5 %	34,4 %	33,9 %	31,4 %
Stord	27,4 %	27,2 %	26,2 %	23,3 %
Aurskog-Høland (2020-2023)	25,8 %	24,8 %	23,8 %	
Kostragruppe 07	28,4 %	27,8 %	27,0 %	25,7 %

Årsmelding - Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon ?

▼ Inkluder graf i dokumentet

☒
☐
☐
☐
☐
☐
☐

Historisk
Kommune
Flere ind.
Landet
Fylket
Kostragrp
Inntekt
Storby



	2021	2022	2023	2024
Voss herad	12,6 %	11,5 %	12,8 %	11,2 %
Kinn	10,9 %	12,1 %	11,3 %	10,1 %
Stord	7,4 %	7,9 %	7,9 %	7,7 %
Aurskog-Høland (2020-2023)	11,7 %	10,1 %	9,2 %	
Kostragruppe 07	9,6 %	9,1 %	8,7 %	8,1 %

Ressursbruk til brukarar på institusjon

- Vekst i netto driftsutgifter til brukarar som er 80 eller eldre og bur på institusjon viss me har same dekningsgrad om 10 år, kan reknast til omtrent 51 mill. kr, samanlikna med 2023.

Voss herad	2023	2024	2034
Tal innbyggjarar 80 år eller over	1016	1027	1409
Tal personar i institusjon (13 %)	130	131	180
Netto driftsutgifter pr brukar i 2023	1 018 126		
Netto driftsutgifter	132 405 199	133 838 719	183 620 989
Vekst i netto driftsutgifter pr. år		1 433 521	49 782 270
Akkumulert vekst i netto driftsutgifter frå 23 til 34			51 215 790

Utvikling årsverk i Voss herad

- Når me tek vekk stillingar knytt til reinhaldsavdelinga, vert biletet meir realistisk
- Oppvekst har størst vekst i tal stillingar frå 2020 til 2024. 10 årsverk gjeld ny barnehage på hagahaugen, 31 årsverk gjeld skulane, og ein del av veksten er relatert til integrering av fleire flyktningar.

Utan reinhald	2020	2021	2022	2023	2024	Endring	%-vis endring
Administrasjon/politiske organ	9	9	9	10	9	-	0 %
Helse og omsorg	446	427	441	449	462	16,15	4 %
Kultur og fritid	27	28	27	28	29	1,82	7 %
Oppvekst	525	552	561	574	594	68,78	13 %
Stab	51	46	49	49	49	- 2,55	-5 %
Teknisk	114	115	119	121	120	5,39	5 %
Totalt	1 172	1 177	1 206	1 230	1 262	89,58	8 %

Økonomisk status 2025 og framtidsutsikter

- Tenesteområda
 - Oppvekst: meirforbruk fastløn + vesentleg vekst barnevern
 - Helse og omsorg: Mindreforbruk fastløn, for høgt budsjett på refusjon ressurskrevjande tenester
 - → meirutgifter på vel 40 mill.kr
- Sentrale utgifter og inntekter
 - Budsjett = prognose på rammetilskot og inntektsutjamning
 - Skatt: god skatteinngang i jan (9 % høgare enn i jan 24, 17 % høgare enn mars 24)

Langsiktig utvikling og utfordringar må løysast (som har starta..)

- Demografiske endringar
- Klimaendringar
- Endra økonomiske rammevilkår
- Utanforskap
- Teknologisk utvikling

Kvar vil me? (og kvar vil me ikkje..)



- **Korleis vert Voss herad opplevd når me har kome i mål?**

Når me har fått eit berekraftig nivå på utgiftene våre, så har me stabile budsjettrammer som gjev rett nivå av tenester, samtidig som me har handlingsrom til å handtera nye behov og samfunnsutvikling. Gjennom å ha redusert nivå på nokre tenester, effektivisert og gjort strukturendringar, har me no fått eit utgiftsnivå som me kan halda over tid. Me har folk på plass til å utøva tenestene, og tilsette vert ekstra motivert og engasjert av å få tid til å bruka fagkompetansen sin. Det vil sei at tilsette ikkje må springa endå fortare når me får nye oppgåver eller brukarar. Me har handlingsrom til å dekkja nye behov både hjå brukarar, men også til tenesteutviklingsprosjekt, kompetanseutvikling og prosjekt som utviklar Voss til ein attraktiv stad. Det er ei større ro i organisasjonen der leiarar styrar drifta innafor sine rammer, og der ein slepp å kjempa for å få tak i meir ressursar. Me tenker på Voss herad sitt beste og har tillit til kvarandre at ressursar vert brukt på beste vis. Alle kjenner på eit ansvar for at me ikkje brukar meir enn me må, og eit eigarskap til vår felles økonomi.

- **Korleis kan det bli dersom me ikkje kjem i mål?**

Dersom me driv som i dag, med vesentleg høgare utgifter enn inntekter så vil det gå 2-3 år før sparekonto er brukt opp. Då må me gjera store inngripande tiltak i tenestene. Truleg må me leggja ned eller redusera mykje av tenestene våre. Tenestene må tas ned til minimumsnivå. Det er lite rom for kompetanseutvikling og nye prosjekt. Færre kan jobba i Voss herad. Vedlikehald av bygg må utsetjast. Nybygging kan me sjå langt etter. Me mistar også råderett over å forvalta midlane for kommunen vår. Statsforvaltar grip inn og bestemmer kva me kan bruka midlar på.

Voss iPluss2027

- Omstillingsprosjekt
 - Endring i tenester
 - Innsparing
 - Handlingsrom for nye behov
- Koma i pluss med netto driftsresultat på minimum 1,75 %



Revidert innsparingsmål i Voss iPluss

- Frå mandat Voss iPluss:

(tal i 1 000 kr)	Budsjett 2024	Andel	Innsparingskr av, 2025 og 2026	Innsparingskr rav, 2027
Adm/politisk	20 504	2 %	200	400
Oppvekst	541 765	41 %	3 500*	8 500*
Helse og omsorg	496 948	37 %	4 000	9 500
Stab	71 986	5 %	500	500
Kultur og fritid	47 322	4 %	200	500
Teknisk	155 716	12 %	1 100	2 100
Ufordelt			500	500
Sum	1 334 241		10 000	22 000

**Nytt
innsparings
mål: 40-60
mill.kr**

Korleis kan 50 mill.kr fordelast?

(Tal i 1000 kr)	Etter andel av budsjett	Mest på helse og omsorg	Mest på oppvekst
Adm/politisk	800	1 000	1 000
Oppvekst	19 600	8 000	30 200
Helse og omsorg	20 000	30 200	8 000
Stab	2 600	3 000	3 000
Kultur og fritid	1 600	1 800	1 800
Teknisk	5 400	6 000	6 000
	50 000	50 000	50 000

Dersom me berre klarer 20 mill
500
5 000
10 000
1 000
500
3 000
20 000



Strategi

- Strategi = langsiktig plan og angrepsmåte for å nå eit mål
- Finna moglegheiter og truslar og handtera desse
- Strategi viser retning og val
 - Gjev føringar for prioriteringar
 - Seier kva endringar og omstillingar som må gjerast



Moglege grep

- Endring i tenester, t.d endra tildelingspraksis, avslutta ikkje-lovpålagde tenester
- Omprioritering, t.d midlar frå barnevern til eldreomsorg
- Strukturendring
- Bruka ressursar me har betre
 - Effektivisering og sambruk
 - Avslutta aktivitet eller avtalar
- Auka eigedomsskatt og brukarbetaling

Kva er me villig til å gjera av tiltak? Kva må me gjera?

Oppdatert tidsplan

Oppgåve	Frist	Status og behov for endring
Laga informasjonsmateriell om prosjektet	Aug-sept 2024	Ok
Laga prosjektplan (mandat og tidsplan)	Sept -okt 2024	Ok
Kartlegga moglege omstillingstiltak	Aug 2024- april 2025 (større omstillingstiltak kan ta lenger tid å kartlegga)	I arbeid
Oppstartssak til politisk handsaming – mandat og prosjektplan	HST 6.02.2025	Ok
Orientering om status prosjekt for styringsgrupper	Månadleg frå okt 2024	Ca kvar annan månad
Revidering mandat med nye innsparingsmål, liste over moglege innsparingstiltak/	HST 22.05.2025	Behov for å oppjustera innsparingsmål i mandat, prosjektplan og legga fram liste over mogleg framskunding av omstillingstiltak
Milepelsrapportering i rapport for 1. tertial	Juni 2025	
Strategi/økonomiplan	Juni 2025	Overordna økonomiplan vil utformast som strategi for å handtera utfordringar og omstilling
Milepelsrapportering i rapport for 2. tertial	Oktober 2025	40-50 mill.kr må realiserast i løpet av året
Milepelsrapportering i rapport for 1. tertial	Juni 2026	
Milepelsrapportering i rapport for 2. tertial	Oktober 2026	50 mill.kr må realiserast i løpet av året
Milepelsrapportering i rapport for 1. tertial	Juni 2027	
Milepelsrapportering i rapport for 2. tertial	Oktober 2027	60-70 mill.kr må realiserast i løpet av året, og minimum 1,75 % i netto driftsresultat
Laga prosjektrapport og evaluera prosjekt	Mars 2028	

Kommunikasjon i krevjande tider

- Internt først, så eksternt
- Store målgrupper gjer all informasjon offentleg
- Open, ærleg og verdig
- Forsvarleg utgreidde tiltak
- Voss herad skal eiga historia
- Modige, samstemte og tydelege

Vegen vidare

- Ingen skal seiast opp – ny omstillingsavtale på veg
- Saker til handsaming i heradsstyret 22.mai
 - Framskunding av nokre omstillingstiltak
 - Revidert mandat Voss iPluss2027 med nye innsparingsmål
 - Omstillingsavtale
 - Sak med vedtak om konkrete omstillingstiltak og informasjon om tiltak som raskt kan gje innsparingar
 - Revidering av budsjett 2025
- Saker til handsaming 19.juni i heradsstyret
 - Økonomiplan/strategi til handsaming
 - Rapport for 1.tertial
- Haust 2025
 - Arbeid med endeleg øk.plan og årsbudsjett
 - Utgreiing av større omstillingssaker som t.d. struktur barnehage og skule